

Uttale i samband med regulering av Selsvatnet i Sunnfjord kommune.

Dette er eit område med unik geologi i både nasjonal og internasjonal samanheng, og kjem til å auke sin popularitet med tanke på dette i framtida. Samstundes er området rundt Storehesten (inkludert Selsvatnet) eit mykje brukt friluftsområde, og har vore det i uminnelege tider. Her er eit rikt fugle- og dyreliv, og meir påverknad gjer denne naturen ekstra sårbår.

Personleg har sjølv brukt område i mange, mange år, både med tanke på rekreasjon og jakt. Dette er det beste rypeterrenget som finst i Sogn og Fjordane, og det er mange jegrar som tek turen hit kvar einaste haust. Utbygging slik det er planlagt vil påverke biotopane til fjellrypa, og det er klart at det toler ikkje denne utsette fjellfuglen.

Dessutan er dette eit område med mykje ørn, både havørn og kongeørn. Eg har sjølv ved fleire høve sett desse majestiske fuglane sigla gjennom området, og det er av den grunn heller ikkje utenkeleg at den kan hekke i dette mektige høgfjells-landskapet. Ei eventuell utbygging og oppdemming av Selsvatnet vil derfor kunne vere svært uheldig for denne raudlista arten.

Med tanke på rekreasjon er dette eit av mest populære områda i Sunnfjord, og det vil forringe verdien av område med eit utbygging. Området har også vore nytta i samband med motbakkeløpet Storehesten Opp, og på det meste har det vore over 1000 deltakarar i samband med denne løpsdagen. Vi som innbyggjarar i Sunnfjord treng denne rekreasjonsperla i vårt nærområde. Dessutan er det eit tankekors at det her føreligg planar om regulering og bygging av demning utan at det kommunale demokratiet er involvert. Dette ligg så langt eg kjenner til i eit landskapsvernområde, og det føreligg heller ikkje rettskraftig dom etter jordskiftesak for området. Dette handlar i klarheit om at det er internasjonale interesser som vil sko seg på lokale verdiar, og dette kan ikkje NVE gje grønt lys til. Ikkje på nokon måte. Eg set min lit til at demokratiet framleis eksisterer i Norge, og at utanlandske investeringsfond ikkje skal få skalte og valte med vår verdifulle natur.

Det er allereie sju utbyggingsplanar i Storehesten/Blegja-området og dette er heilt klart det mest sårbare. Blir det gjeve grønt lys for denne oppdemminga av Selsvatnet, finst det snart ikkje noko som kan hindre meir dramatiske utbyggingar i framtida. Nok er nok. La Selsvatnet ligge slik det ligg i dag. Elva er allereie utbygd og seld til utanlandske investorar. No må vi snart ha lært å setje pris på arven til våre etterkommarar.